

Spar med raus gâve til båtfolket.

28.07.2016



Fantastisk gâve frå Spar til båtfolket!

Siste veka er det kome på plass ny vaskemaskin og ny tørketrommel i båtlagshuset i båthamna. Dei nye maskinane vil vera til stor glede for tilreisande som treng klesvask, og begge er ei gâve frå SPAR Uskedalen. Men det stoppar ikkje med det. Spar har også tankar om at dei vil bidra meir på aktivitetsfronten i båthamnsområdet.

- Vi er enormt takksame for at butikken vår støttar så godt opp om oss, og spelar så godt på lag med oss, seier bålagsleiar Hans Gustav Mussland. Dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Bente Nilsen, seier at dette er ein vinn, vinn-situasjon for heile bygda. At båtfolket trivest og har det bra, er noko vi alle har glede av.

Då vaskemaskinen nyleg rauk og båtfolk fekk trøbbel med tørketrommelen, fekk Spar greie på dette, og dei tilbaud seg å bidra med nye maskinar. No er desse på plass. Skikkeleg gode maskinar. Vaskemaskinen har kapasitet på 8 kg tøy i kvar vask. For 20 kr kan tilreisande vaske kleda sine, og om dei ønsker å tørka dei også, er det berre å putta på ein tjuekroning til. Maskinane er enkle i bruk, men det er viktig at dei vert brukt rett. Det er m.a. viktig at alle renskar lofilteret og tømer kondensbehaldaren på tørketrommelen.

Det er også ekstra kjekt med nytt utstyr i båtlagshuset som no er svært flott etter det store oppgraderingsarbeidet som vart gjort før sesongen.

Hans Gustav er veldig glad for det gode samarbeidet som føregår rundt båthamna. Bente Nilsen og Spar er svært positive til dette og ønskjer å ta dette eit steg vidare. Dei kan tenkja seg å vera med på fleire tiltak som gjer at dei tilreisande skal få det endå betre under opphold i Uskedalen.

Derfor har Spar teke initiativ til eit møte med bålaget der dei vil diskutera ulike aktivitetar som kan koma i hamneområdet.

- Dette vil nok ikke koma i gong før neste sommar, men det vi tenkjer på, vil koma både fastbuande og tilreisande til gode, seier Bente foreløpig om desse planane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland